


KOGNITIV UTFORDRANDE LEIK



LOTTO I ULENDT TERRENG



LOTTO I ULENDT TERRENG

Hensikt

Lotto i ulendt terreng utfordrar barnet sitt arbeidsminne, då dei må hugse kva for kort dei skal finne i terrenget. I den meir vanskelege varianten skal barna setje saman informasjon, ved at korta ikkje er like, men likevel høyrer saman. Å leike leiken i ulendt terreng gjer at barna også blir utfordra motorisk.

Utstyr

Bunke med 2 og 2 like kort

Vanskelegare variant: 2 kort og 2 kort som høyrer saman

Forklaring

1. Den vaksne heng opp/legg ut ulike kort i terrenget.
2. Barna får så utdelt eitt kort som dei må hugse.
3. Barna går/spring deretter rundt i terrenget for å finne kortet som er likt (eller passar saman).
4. Barna tek kortet med seg tilbake til den vaksne og får eit nytt.

Tips

- I starten kan barna gjerne vere saman i par for å hjelpe kvarandre.
- Det er enkelt å ta korta med på tur, dei tek liten plass i sekken og gjev mykje engasjement!

Variasjon

- For å gjere leiken vanskelegare kan ein lage kort som ikkje er like, men som høyrer i saman, t.d. høne-egg, ku-mjølk. Ein kan óg nytte bokstavar, tal eller anna.
- Ein kan variere terrenget ein held aktiviteten i. Ulendt terreng utfordrar motorikken til barna, og motbakkar aukar intensiteten.